



Premieutdeling gitar 12 år og yngre

**Det var i går sesongavslutning på ski i Fjellhaugen, der Kvinnherad-stafetten gjekk av stabelen.**



Premieutdeling Jenter 12 år og yngre

Det var vel dei færreste som hadde trudd at det skulle bli fleire skirenn i år, med tanke på dei høge temperaturane og snøsmeltinga den siste tida.



Premieutdeling gutar 13-16 år

Men med stort pågangsmot av Rosendal Turnlag, assistert av UIL, og Olav Gunnar Hjelmeland som hadde laga ei flott og publikumsvennlig sprint løype, blei desse antagelsane gjort til skamme.

Etter barnerennet stilte Uskedalen med heile 9 av 22 lag, og dei gjorde alle ein veldig god innsats på det skarpe føret! Med flott vær, grilling på bål-panne og leik, blei dette såleis ein flott avslutning på skisesongen.





Stemningsbilde

Tekst og foto: Knut Johannes Ripel

Nett: Thor Inge Døssland.



På veg til skirenn